



Styret si årsmelding for driftsåret 2020 – 2021.

Årsmeldinga dekkjer tidsrommet mellom årsmøta i mai 2020 og april 2021.

Rekneskapan for kalenderåret 2020 og budsjettet for kalenderåret 2021 er godkjent av styret i samsvar med vedtektene.

Verksemda og foreininga sitt formål

Verksemda vart skipa i 1969 under namnet Verkstedforeininga i Ulstein distrikt, seinare endra til Maritim Forening for Søre Sunnmøre, til dagleg MAFOSS.

MAFOSS er frå medio 2020 organisert som eit prosjekt i ÅKP, iht inngått samarbeidsavtale datert 4. august 2020.

MAFOSS tek opp medlemsbedrifter frå kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande, Vanylven, Ørsta og Volda. MAFOSS har som primæroppgåve å fremje interessene til dei maritime og marine næringane og styrke konkurransevna til næringane i vårt område.

Styret valt på årsmøtet 2020:

Oddvar Saunes	Bjørklund Holding	Gjenval / 1 år
Margrete Heltne Hovde	Tussa24	Gjenval / 1 år
Geir Sundal	Kongsberg Maritime	Gjenval / 1 år
Mads-Andre Værnes	Green Yard Kleven	Ny for 2 år
Per Erik Dalen	ÅKP	Ny for 2 år

Vararepresentantar valde for eitt år:

Jan Tore Leikanger	Jets
Joar Sundgot	Servi Ulsteinvik
Tommy Fredriksen	Kongsberg Maritime
Magne Gurskevik	Green Yard Kleven
Oddbjørn Hatløy	ÅKP

Styret har mellom årsmøta hatt 5 styremøter der ein har handsama 37 saker.

Valnemnd:

Hallvard Pettersen	Brunvoll Volda
Guri Sætre	Island Offshore



Fagutval:

- Forskning og utviklingsutval. Leia av Nils Roar Hareide. Ingen fysiske møter i utvalet.
- Logistikk og produksjonsutval. Leia av Arild Djupvik, KCM. Ingen fysiske møter i utvalet.
- HMS-utval. Leia av Henrik Johansen, KCM. Ingen fysiske møter, men to digitale.
- Opplæringsutval. Leia av Svein Magne Tenfjord (Island Offshore Management). To fysiske møter.
- Personalutval. Leia av Kathrine Holstad. Har hatt både fysiske og digitale møter.

Status i driftsåret/ framtidutsikter

Aktiviteten i medlemsbedriftene i den maritime bransjen har siste driftsåret vore utfordrande for mange i hovudsak grunna Corona.

Talet på tilsette i MAFOSS-bedriftene har i løpet av driftsåret blitt ytterlegare redusert, men vi ser også fleire lyspunkt for enkelte av våre medlemsbedrifter i form av auka ordreinngang for nokre områder. I driftsåret har det vore bortimot umogleg å kome ut for å verve medlemmer, men det er kome ei ny bedrift til nettverket ila året.

Samarbeid med ÅKP

Ila året har ein konkretisert samarbeidet med ÅKP. Dette er eit resultat av ein god prosess der ein også hadde fleire møter med fleire toppleiarar i våre medlemsbedrifter. Signala var tydelege på at ein ville anbefale konkretisering av samarbeid, og frå 1. juli 2020 er MAFOSS eit prosjekt under ÅKP på lik linje med GCE Blue maritime og NCE Legasea. Ein søker å arbeide saman til nytte for ein felles medlemsmasse, og vi ser alt no at dette er blitt ei god løysing for tilsette og medlemmer i foreninga.

Nokre av områda MAFOSS har vore engasjert i siste driftsåret:

⇒ POLITISK PÅVERKNAD:

Påverknad inn mot det politiske miljøet er eit viktig område for MAFOSS. Det har frå administrasjonen vore fleire møter med det politiske Norge heilt frå kommunenivå, via fylket, stortingskomitear og opp til departementa. Ein har også knytta seg sterkare til både NHO og Norsk Industri i tillegg til arbeid inn mot EU gjennom Sea Europe sitt Pact for Skills program. Ein har også i dette året jobba mykje inn mot det politiske Noreg for å sikre betre løysing av GIEK, både ift geografisk plassering av det nye EksFin og reelle garantiordningar for verfta for betre å sikre eigenkapitalkrava i samband med nybygg. Adm har i fleire møter kobla medlemmer og politisk liv, og jobbar med sikring av dette heilt inn mot årsmøtet 2021.

⇒ INFRASTRUKTUR/ SAMFERDSEL

Infrastruktur og samferdsel er eit viktig saksområde for MAFOSS.

-I driftsåret har spesielt RV15, ferjeutfordringar, flyruter og HAFast vore på agendaen. DL sit i styringsgruppa for prosjektet som jobbar for RV15/ Strynefjellet med arm til Geiranger. Sidan RV15 ikkje kom med på ny NTP jobbar ein aktivt inn mot det politiske miljøet også på dette.

-Autopassordninga på ferjene har vore ei viktig sak, og MAFOSS har, mellom anna gjennom arbeidet med Nettverk for Samferdsel Sunnmøre, hatt dette på agendaen. MAFOSS tok igjen over leirolla i dette fora i 2020.



⇒ **KURSVERKSEMD**

MAFOSS har ei god og omfattande kursportefølge, men med svært liten aktivitet i driftsåret. Ein opplever at medlemmer i stor grad avventer kurskjøp, og at ein kun køyrer dei påkrevde kursa. Styret har difor bede adm om å tone ned denne delen av verksemda til det er meir aktivitet. Ein del kurs går likevel, men kvart kurs krev vesentleg meir innsats enn det ein kan forsvare ift inntening.

⇒ **UTDANNING:**

MAFOSS samarbeider tett med vidaregåande og høgare utdanningsmiljø i fylket.

- MAFOSS v/ Jan er aktiv i Forum For Yrkesfag (FFY), som er opplæringskontor- og ringar sin organisasjon i M&R med 25 medlemskontor pr i dag. Grunna Corona er det ikkje avhalde fysiske møter, men ein har god kontakt gjennom digitale media.

- MAFOSS v/ DL er nytta som rådgivande organ inn mot utdanningsmessige forhold innan fylket, no også gjennom den nye «Kompetanse- og næring» -avdelinga og i runder med Direktoratet der nye fagplanar er diskuterte.

- MAFOSS er også representert i styret for Fagskolen i M&R som vara i inneverande periode etter ønske frå NHO og LO og Yrkesfagnemnda i Fylket.

⇒ **KOMPETANSEBEVARING:**

I løpet av vinter 20/21 har ein starta på eit arbeid med å utrede korleis ein best kan bevare kompetansen vi har i vår næring på søre luten. Mange opp- og nedturar har ført til at mange er usikre på framtida for fagarbeidaren, men vi er visse på at vi vil trenge mange flinke hender og hovud også i tida som kjem. Det er difor initiert og sett i gang eit arbeid som skal resultere i eit forprosjekt som ser på kva ein kan gjere for å betre samle og sikre tilgang på rett kompetanse til rett tid. Då med utgangpunkt i fastbuande arbeidarar. Til no arbeider ein med kartlegging av kva for finansieringsløysing ein kan finne på eit forprosjekt, men ein reknar med å vere i gang med dette ila våren.

⇒ **INTEGRERINGSPROSJEKTET**

Det er eit godt samarbeid mellom MAFOSS, M&R Fylke, NAV, IMDIR og kommunene på søre luten om eit felles integreringsprosjekt. Tanken og ambisjonen er at busette innvandrarar skal få høve til å ta fagbrev som ind.mek. Etter gjennomført skule pluss praksis i to år får dei vonaleg læreplass i ei mekanisk bedrift eitt år før fagprøve. Pilotprosjektet er av nasjonal interesse, og får svært god respons både av medverkande bedrifter, skule og politisk toppleiing, sjølv om året har vore ekstra utfordrande. MAFOSS er heldige som har ein dedikert prosjektleiar, Ann Cesilie Skundberg, til å leie vår del av prosjektet.

⇒ **HMS-DAGEN**

HMS-dagen er viktig for MAFOSS, og medan dagen gjekk ut i 2020, har ein no planar for å ta dette opp att til hausten 2021. Utvalet er i gang med planane, og har alt hatt møter for legge rammer for dagen.



⇒ **MØTEPLASSAR**

Gjennom MAFOSS sine fem fagutval møtest bedriftene våre formelt og uformelt til drøfting av felles tematikk. Det er ulik møtefrekvens på utvala, men møta vert omtalt som fagleg og sosialt svært nyttige for dei som er med. Året har derimot gitt ekstra utfordringar, sidan mykje av dynamikken i desse møte ikkje fungerer ved digitale møter. Vi ser fram til meir normal drift etter at vaksineprogramma er gjennomførte, og veit at medlemer i utvala vil setje pris på igjen kunne møtast. Ved at ein roterer på kor ein møtest får medlemmane i utvala informasjon og god oversikt over andre bedrifter i MAFOSS sin medlemsmasse.

⇒ **CORONA / Covid 19**

Utfordringane for bransjen har vore enorme i samband med pandemien som pr mars 2021 framleis set verda på pause. Mange tiltak er sette i verk, og MAFOSS og ÅKP har sett opp ei mengd med kurs i driftsåret, dette mellom anna med støtte frå BIO2 midlar frå Møre og Romsdal Fylkeskommune. Ein har også planlagt nye kursrundar for våren og hausten 2021, og påmeldingane er gode.

Økonomi

Foreininga har framleis nokre utfordringar økonomisk som følgje av inntektsfall innanfor kursdrift og anna aktivitet grunna Corona, samt reduksjon i antal tilsette i medlemsbedriftene, men grunna streng og god økonomisk styring er årsresultatet nær null i 2020. Viss ein ikkje hadde hatt tap på fordringar så hadde årsresultatet vore i balanse.

Administrasjon/arbeidsmiljø

Det har vore to tilsette siste driftsår. Ann Cesilie Skundberg er tilsett 40% som prosjektleiar for integreringsprosjektet, og Jan Thormodsæter er tilsett 100% som Dagleg leiar for MAFOSS og Seniorrådgivar i ÅKP.

Foreininga har kontor i det maritime miljøet på Stålhaugen 7 i Ulsteinvik, og arbeidsmiljøet er godt.

Vegen framover

MAFOSS sin ambisjon er å legge til rette for at våre medlemsbedrifter skal ha gode vilkår for drift og utvikling. Gjennom aktivitetar og arbeid som MAFOSS har vore engasjert i siste driftsår på vegne av medlemsbedriftene ser vi at innsatsen for klynga framleis er viktig, og vi ser at foreininga har spelt ei sentral rolle i viktige prosessar dette året. Sameksistensen med ÅKP er svært positiv for dette arbeidet og vil vere det når vi skal ta klynga stadig vidare.

Det er sentralt at det framover vert sikra arbeid for heile verdikjeda ved at dei store motorane i vår region vert sikra arbeid, og vi har tru på at arbeidet som vert lagt ned av MAFOSS framleis vil spele ei viktig rolle her.

Ein har ambisjon om å verve fleire medlemmer til MAFOSS, men året med Corona har gjort dette svært utfordrande. Vi ser fram til at vi i større grad kan drive aktivt og oppsøkande arbeid for å verve fleire til nettverket som er så viktig for klynga på søre Sunnmøre, spesielt innanfor det marine segmentet.



Det har og vore ein diskusjon om ein skal invitere dei to verfta i Sula kommune, Fiskerstrand Verft AS og Vegsund Slip AS som medlemmer i MAFOSS. I så fall vil dette krevje vedtektsendring.

Styret meiner at foreininga har ei viktig framtid og at oppgåvene foreininga har må bli vidareført og styrka ytterlegare. Det gjeld særleg innanfor områda rammevilkår / kompetanse/ rekruttering, samarbeid skule/næringsliv, samferdsel/ infrastruktur og politisk påverknad. Likevel er det viktig å søkje samarbeid med andre i ei utfordrande tid, noko ein har sett positiv effekt av gjennom samarbeidet med ÅKP, og gjennom eit utvida samarbeid med NHO i enkeltsaker politisk.

Styret ser tilbake på eit aktivt men krevjande driftsår, og ser fram til å møte utfordringane 2021 byr på med fornya styrke og vidare satsing.

Ulsteinvik, 7. april 2021

Oddvar Saunes /s/
Styreleiar

Margrete Heltne Hovde /s/
Nestleiar

Geir Sundal /s/

Mads Andre Værnes /s/

Per Erik Dalen /s/